

Referat frå møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Dato: onsdag 24. februar 2016

Stad: seminarrom 400 i fjerde høgda av HF-bygget

Frammøtte:

Frå gruppe A: Pernille Myrvold (arabisk), Karol Janicki (engelsk), Helge Vidar Holm (fransk), Reidar Veland (italiensk), Harry Solvang (japansk/kinesisk), Brita Bryn (russisk), Annette M. Jørgensen (spansk) og Sissel Lægreid (tysk).

Frå gruppe B: ingen.

Frå gruppe C: Anna Polster.

Frå gruppe D: Monica Beeder.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjende utan merknader.

Sak 2 – godkjenning av referatet frå 10. februar 2016

Referatet frå 10.2 blir sendt ut til godkjenning saman med referatet frå rådsmøtet 24.2.

Sak 3 – orienteringssaker

Ingen saker.

Sak 4 – Driftsrekneskap 2015 og driftsbudsjett 2016 for instituttet

Uthaug gjekk med utgangspunkt i saksframlegget gjennom rekneskapen for 2015 og budsjettet for 2016. Det reelle underskotet i driftsbudsjettet ved IF kan koma opp mot 2 millionar kroner ved utgangen av 2016. Like før rådsmøtet vart instituttet òg kjent med at det som tidlegare har lagt ved fakultetet som disponible midlar til sosiale kostnader, no er lagt inn i den samla resultattildelinga ved instituttet. Dermed er situasjonen endå hakket meir krevjande enn det som går fram av saksframlegget.

Det vart i samtalen slått til lyd for at instituttet måtte gjera krava sine endå sterkare gjeldande vis a vis fakultetet. Det vart òg spurt om fakultetet skjønar at det krev meir undervisning å læra språkfag enn mange andre fag (Beeder). Instituttleiinga viste til at fakultetet nok har forståing for situasjonen, men det hjelper lite så lenge instituttet ikkje får større løyvingar.

Når det galdt konkrete innsparingar i tillegg til det som allereie ligg inne i budsjettet, vart det peikt på at fleire kanskje ikkje har visst at det på mange emne ikkje er eit krav med ekstern sensor (Lotsberg Bryn). Det vil òg vera viktig å kontakta faga med konkrete forventningar om bruken av eksterne sensorar på dei enkelte faga. Dessutan går det an å redusera utgiftene til

bokinnekjøp: Dei tilsette ved UB er lydhøyre for ønske om innkjøp, og det går raskt å få bøkene på plass (Veland). Holm og Solvang argumenterte for at den individuelle potten til bøker og drift ikkje burde reduserast frå 3000. Instituttleiars driftsmidlar til bok/drift, slik at kvar medarbeidar får 3000 til disposisjon som før. Hjelpelærarar bør oppmodast om å låna bøker i fagmiljøet i staden for å kjøpa inn nye. Det vart òg foreslått at instituttet i størst mogleg grad burde unngå å kjøpa inn nye møblar (Veland). Instituttleiinga vil framleis prioritera å kjøpa inn møblar som hev-senk-bord når det ligg helsegrunnar bak. Myrvold spurde om fakultetet måtte betala for undervisningsrom som vart ståande unnytta trass i at dei var tinga. I så fall kunne ein spare pengar på å vera nøye med å avbestilla.

Vedtak (samrøystes): Rådet tek til vitende rekneskapen for 2015 og godkjenner budsjettet for 2016 med endringa gjorde i møtet.

Endringa som vart gjort i møtet, var at instituttet held fram med 3000 kroner i bok-/driftsmidlar til den einskilde

Johnsen lova at instituttleiinga seier klart frå til fakultetet om at budsjettet ikkje er til å leva med. Samstundes er det viktig at medlemne av rådet òg fortel kollegane sine på faga korleis den økonomiske situasjonen er.

Sak 5 – ymse

Annette M. Jørgensen ordnar med at programstyremøtet på spansk vel ein ny vara for henne til instituttrådet, sidan noverande vara Synnøve O. Rosales er i utlandet.

Åse Johnsen,
instituttleiars

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef